


 NAMN:  
KLASSE:

 LÅG  MIDDELS  HØG 

Når skal ein bruke komma? Sjå på reglane og skriv døme.



### 1. Komma mellom sideordna setningar

Døme:

- Hans drøyer seg bort, for Kari held han i handa.
- Kari ville gje Hans ein klem, men så fekk dei besøk av mora til Hans.
- Eg lagar mat, og du hentar ved.
- Vil du ha fisk, eller vil du heller ha salat?
- Per syng, Eva dansar, og Pål græt.

### 2. Komma når leddsetninga står først i heilsetninga

Døme:

- Når du går ut, bør du ta på deg lue.
- Då timen var over, bad eg om å få meir lekser.
- Dersom du er snill mot dyra, kan du få mange, fine naturopplevingar.
- Kjem du i kveld, skal du få vere med på ein spennande fotballkamp.
- Jo meir du øver, jo betre kan du songen.
- At det blir snø, er ikkje det minste rart.
- Men kven den skuldige er, klarer vi neppe å finne ut.

### 3. Komma etter ei innskoten leddsetning

Døme:

- Den som søv, syndar ikkje.
- Sykkelen som eg lånte, har punktert.
- Lyset vi såg, var svært vakkert.
- Uvêret vi møtte, var ikkje varsla.
- Han pusta som ein kval då han kom i mål etter maratonløpet.
- Ho rekna som ein galen for å bli ferdig med matteprøven.
- Hola der eg hadde for vane å gøyme meg, blei oppdaga av hunden til Ola.
- På museet kor jubileet vart feira, var det pynta med store flagg.

### 4. Komma framfor ei innskoten leddsetning som ikkje er nødvendig i heilsetninga

Døme:

- Trine, som hadde gløymt å ta med seg skolesekken, kom ti minutt for seint til første time.
- Tommy, som kom frå ein liten gard, fann seg godt til rette i storbyen.
- Middagen, som varte i heile sju timar, vart avslutta med ein høytideleg takketale.

### 5. Komma før og etter innskot og forklarande tillegg

Døme:

- Hennar store mål, å få seg ein hund, gjekk i oppfylling.
- Bergen, den største byen i Vestland fylke, har kommunenummer 4601.
- Vassfaret, eit skogkledd dalføre, ligg mellom Hallingdal og Valdres.
- Sognefjorden, Noregs lengste og verdas neste lengste fjord, er 205 km lang.
- Rypebær, *Arctostaphylos alpinus*, kan setje vakker raudfarge på store fjellområde om hausten.

### 6. Komma før og/eller etter tiltaleord, svarord og utropsord

Døme:

- Mons, kom deg ut av sofaen min!
- Huff, Maren, dette forvirrar meg.
- Ja, eg kjem heim til rett tid.
- Kven dukkar opp no, tru?
- Nei, far, dette forstår eg ikkje.
- Unnskyld, kan du vise meg vegen til barnehagen?
- Nei, kjære deg, dette meiner eg du må slutte med!

## 7. Komma mellom ledd i opprekningar

Døme:

- Rådyr seier sjeldan nei takk til gulrøter, poteter, kålblad og brødiskiver.
- Kan du handle mjølk, brød, smør, poteter og tran?
- Eli, Ivar, May og Kjetil gjekk for å gje hunden mat.
- Han er ikkje slem, berre litt ertelysten.
- Geiranger er mellom anna kjent for majestetiske fossefall, stupbratte fjell, flotte hotell og utfordrande vegar.
- I pennalet hadde han litt av kvart: to viskelêr, ein halveten blyant, ein jukselapp og ein inntørka tusj.

## 8. Komma før ettersette setningar som sa ho

Døme:

- Eg har lært mykje av å samarbeide med deg, smilte Liv.  
«Det var hyggjeleg», tenkte Liv, at Per ville hjelpe henne med å få komma på rett plass.  
«Har du», sa Per, «trudd at eg kan alt om komma?»
- Det er flott at de samarbeider når de skal lære innfløkte kommareglar, sa læraren.

«Eg vil at du skal hjelpe meg med leksene», sa Per.  
«Det var ei svært hyggjeleg jente», tenkte Per.

«Kan du alt om komma no?» spurde Per.  
«Nei, det kan eg dessverre ikkje!» klaga Liv.

## 9. Komma før ei unødvendig leddsetning som står sist i heilsetninga

Døme:

- Ho bestilte ny mobiltelefon, sjølv om ho hadde fire frå før.
- Ho bestilte ny mobiltelefon (sjølv om ho hadde fire frå før).
- Bussturen gjekk bra, sjølv om bussjåføren køyrde med eit flatt dekk.
- Bussturen gjekk bra (sjølv om bussjåføren køyrde med eit flatt dekk).

## 10. Komma mellom sideordna adjektiv utan konjunksjon

Døme:

- Små, søte kattungar (Små og søte kattungar)
- Eit stort, uoverkommeleg hinder (Eit stort og uoverkommeleg hinder)
- Det var ei stor, stor overrasking.
- Eit stort norsk fjell (Eit norsk fjell som er stort)
- Små, steinfrie spanske druer.
- Et lite, pent hus (Eit lite og pent hus)
- Et lite pent hus (Eit ikkje særleg pent hus)
- Ein mindre, vakker by (Ein mindre og vakker by)
- Ein mindre vakker by (Ein ikkje særleg vakker by)